



# DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokneråd

## Særutskrift for Radøy sokneråd

---

Tid: 24.10.2017

Radøy sokneråd har i møte den 24.10.2017 hatt denne saka til handsaming:

### **2017/16 (F) Budsjett 2018**

#### **UTGREIING**

Med rekneskapen for 2016 og årets rekneskap fram til 30. september 2017 som grunnlag, legg vi fram budsjettforslag til soknerådet. Fokus på innkreving av avgifter og generell god oppfølging av utgifter gjennom året ser så langt ut til å få rekneskapen i balanse for 2017.

Overføringar frå Radøy kommune stod i 2016 for 62,2 % av inntektene våre. Øvrige inntekter er leigeinntekter, festeavgifter, gåver og offer samt godtgjerdsløse for tenester.

Utfordringa vår, i motsetnad til andre fellesråd med eitt sokn, er at me skal drifta tre kyrkjer der andre gjerne berre har ei. Radøy har seks gravplassar, noko som også fører til store kostnader og mykje tidsbruk til transport. Det bind mykje midlar til løn, drift og vedlikehald. Kyrkja driv nøkternt og det er ei utfordring å finna kor ein kan gjera innstrammingar og kutt utan at det får alvorlege følgjer for dei tenestene me skal utføra.

#### **Drift:**

Vi har frå 01.08.2017 hatt trusopplæringsmedarbeidar i full stilling. Fram til dette var Radøy ein del av ei felles trusopplæringsseining saman med kommunane Austrheim og Fedje.

Trusopplæring er ei høgt prioritert oppgåve for soknet og styrking av stillinga vil gje dette viktige arbeidet vesentleg betre vilkår.

Stillinga er i hovudsak finansiert av sentrale tildelingar kanalisert gjennom Bjørgvin bispedøme. Som ein følge av at eininga vart oppløyst fell det kommunale tilskotet frå Austrheim og Fedje bort og tilskotet frå Bjørgvin bispedøme vert redusert til 58,85% av det opprinnelege. For å kompensere for dei reduserte inntektene har vi budsjettert med ein monaleg auke i gjevartenesta, post 18601. Det vert likevel ein ubalanse i budsjettet som vi må freista å få kompensert gjennom auka kommunalt tilskot, post 18302.

Festeavgiftene er føreslått auka med kr 50 per år for å koma meir på linje med kommunane Lindås og Meland.

Vi har som tidlegare år budsjettert med kommunal kompensasjon for generell lønsauke, post 18301.

Ut over dette er postane berre forsiktig justert ut frå forventa prisvekst og ikkje omtalt spesielt.

Når det gjeld festeavgiftene har det vore eit mål gjennom fleire år å harmonisera desse i regionen samstundes som vi ikkje bør ha for store årlege endringar i prisane. Meland har vore på linje med Radøy medan Lindås tidlegare har lagt lågare enn Radøy. Begge er no i ferd med å auka festeavgiftene meir opp mot dei andre kommunane rundt Bergen som Askøy, Fjell og Os som ligg rundt kr. 500 per grav/år.

Lindås har auka dei årlege avgiftene i to trinn opp mot 2017 og festeavgifta er kr. 400 per grav/år. Meland har i 2017 kr. 400 i årleg avgift og kjem venteleg å auka også for 2018. I budsjettframlegget er festeavgifta sett til kr. 400 per grav/år/ opp til til 60 år med dobbel sats etter 60 år som før.

Prisane for utanbygds gravferd vart tidlegare stilt i bero grunna høyringa "Lik og likskap" og forventning til endra reglar. Det er uklårt om og eventuelt når det vert sett i verk endringar og vi føreslår derfor auke i satsane.

Hovudinntekta til soknet er som tidlegare omtalt vesentleg driftstilskot frå Radøy kommune. Andre inntekter er festeavgifter, gåver, tenesteyting og offer som vert tatt opp i gudstenestene. Offer til eiga drift må som tidlegare år prioriterast også i 2018.

## **Investeringar:**

Soknerådet drøfta framtidige investeringar i sitt møte 31.01.2017, sak 2017/1 og gjorde slikt vedtak:

*Radøy sokn startar prosjektering og planlegging av navna minnelund og reidskapshus på Manger i 2017. Søknadsprosess, eventuell omregulering og grunnarbeid kan utførast innanfor ramma for investering.*

*Sølvi Kvalheim Mjøs vart valgt til å arbeida saman med administrasjonen for å finna ei tenleg løysing for navna minnelund på Manger.*

*Universell utforming for kyrkjene på Manger og Hordabø får ny vurdering, og alternative løysingar vert kostnadsrekna.*

*Nytt varmesystem for Hordabø og Manger kyrkjer vart utgreidd og kostnadsrekna i 2013. Dette bør gjennomgåast og oppdaterast til 2017-forhold både når det gjeld tekniske løysingar og kostnad.*

**Redskapshus / Manger:**

Hordabø og Sæbø har i løpet av dei siste åra fått tenlege redskapshus. Desse er bygd i ledige stunder av våre eigne utearbeidarar. Vi har fått praktiske bygg som høver godt inn på gravplassane til ein fornuftig kostnad.

Trongen for bygg på Manger er meir omfattande og krev bruk av vesentleg meir innleigd arbeidskraft og maskinelt utstyr. Vi disponerer no ein del av eit telt som tilhøyrrer Radøy kommune på Solendmyra. Det er også andre som nyttar teltet. Dette stettar for så vidt behovet for oppbevaring, men vi har ingen langsiktig avtale om bruk av teltet og det er lite praktisk for anna enn rein oppbevaring av utstyr. Vi har heller ingen stad der vi kan drive vedlikehald og reparasjon av utstyr. Det gamle bårerommet på Manger vert også nytta, men er upraktisk grunna bratt nedkjøring og trapper og tilfredstillar neppe krav til arbeidsmiljø som ein forventar i 2017. Bygget på Manger må verta ein god del større enn dei andre for å kunna erstatta kommunen sitt telt og bårerommet.

Vi tenker oss eit bygg på 12 x 8 meter på eit plan med saltak. Der vil vi kunna få plass til bil, tilhenger, gravemaskin og klippere. Vi har også planlagt eit isolert rom i eine enden som kan tena som verkstad for service og mindre reparasjonar.

Vi har innhenta prisar på grunnarbeid, støyping av grunnmur og plate:kr. 325 000	
Materialar til bygget (takstein/skifer er ikkje med i tilbodet)	kr. 245 971
<u>Tømrararbeid</u>	<u>kr. 140 000</u>
Sum:	kr. 710 971

Vi har så langt berre innhenta pris frå ein leverandør for kvart fag og summen kan derfor verta noko lågare. I tillegg kjem skifer til taket og arbeid med å legge den. På dei andre reidskapshusa har vi gjort arbeidet med takteking sjølv, men dette har vore mindre tak og skiferen har uansett ein stor kostnad.

Søknad om omregulering, byggesak og andre gebyr til Radøy kommune er heller ikkje tatt med i summen.

Så langt har vi fått teikna bygget, sendt søknad til Bjørgvin bispedøme og engasjert byggmeister for å ivareta søknadsprosessen mot Radøy kommune.

**Navna minnelund.**

Navna minnelund er tidlegare rekna til ca. kr. 400 000 basert på Bergen kyrkjelege fellestråd sine erfaringar med kostnadane. Grunnarbeidet for minnelund og reidskapshus bør utførast samtidig.

**Universell utforming.**

Det er trong for betre universell utforming av Hordabø og Manger kyrkjer. På nye bygg er det eit krav at rørslehemma skal kunna nytta same inngongen som andre. I Sæbø kyrkje vart dette tilrettelagt i 2010 når kyrkja vart ombygd.

For Manger kyrkje har det tidlegare vore utarbeida forslag til løysing, men tilgangen er problematisk grunna høgdeforskjellen fra bakkenivå opp til golvet i kyrkja. På Manger må vi finne gode løysingar som tilfredstillar Bjørvinn bispedøme og Riksantikvaren.

I Hordabø kan arbeidet gjerast med ein enklare prosess og til lågare kostnad. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna, men kyrkjelydsutvalet er aktivt og har gjeve signal om at dei kan vera med på finansieringa.

Vi har tidlegare hatt kontakt med sivilarkitekt Mette Kyed Thorson og fekk i 2014 utarbeida løysingar for universell utforming. Forslaga fra 2014 vart drøfta på møte og befarung 8.3.2017 med Mette Kyed Thorson, Tore Morland fra soknerådet, organist William Kay, Anna Hella Kartveit samt kyrkjeverge Audun Sylta. Dei utvendige rampane skal gje trinnfri adkomst for rørslehemma i tillegg til at dei skal lette arbeidet for gravferdsbyråa.

Løysingane er no bearbeida og sendt til Kirkebyggkonsulenten og Bispedømmekontoret for vidare handsaming. Dei skal uttale seg og godkjenne forslaga før vi kan starte arbeidet med anbud, søknader og byggearbeid.

### **Nye varmesystem, Hordabø og Manger.**

Vi har ei tid vore merksam på at det må finnast andre løysingar for oppvarming og soknet fekk i 2013 gjort ei utgreiing av spørsmålet. Det hastar med å oppdatera dagens løysingar for oppvarming. Oljefyring er kostbart og lite miljøvenleg. I tillegg er anlegga gamle og ein kan ikkje sjå bort frå at det vil koma store kostnader til vedlikehald. Oljefyring gjev store klimagassutslepp, og lekkasjar frå oljetank kan skade natur og eigedom. Klimagassutslepp og fare for lokal forureining gjer at oljefyring i hus truleg vil verta forbode innan 2020. Det er viktig å få erstatta oljekjelane med meir miljøvenleg oppvarming så snart som råd.

Soknerådet har også tidlegare gjeve klåre signal om at vi må finna andre løysingar for oppvarming som gjer oss uavhengig av olje. Det vart i 2013 utarbeidd rapportar om alternativ oppvarming av verksemda Miljø&RessursDrift ved Ulf Christensen.

Sidan det er ei tid sidan rapportane vart laga har vi har fått utarbeidd oppdaterte rapportar over dagens tilstand som gjev råd om aktuelle forbetringstiltak.

Bergvarmepumper er det klårt beste alternativet som gjev mest effekt og størst årlege innsparingar. Det er også det alternativet som har den høgaste investeringskostnaden.

Manger kyrkje er den som vert mest brukt og der innsparinga vil verta størst. Kyrkja er listeført og det kan derfor verta problematisk og i beste høve ta lenger tid å få godkjent plassering av varmepumper utanfor kyrkja.

Når det gjeld Hordabø så har den ingen vernestatus. Kyrkja er heller ikkje nytta så mykje som Manger. Det vil truleg vera tilfredstillande å velje ei løysing med luft-luft varmepumper som gjev ein redusert investeringskostnad i forhold til bergvarmepumper. Rapportane frå Miljø & RessursDrift ved Ulf Christensen og tilrådingane der vert lagt til grunn for det vidare arbeidet.

Soknerådet handsama spørsmålet som eiga sak i møte 02.05.2017, sak 2017/11.

Saka er oversendt Bjørgvin bispedøme for vidare handsaming. Vi har i samråd med konsulenten ikkje gått vidare med kostnadsrekning av prosjektet før vi veit kva alternativ som Bjørgvin/Riksantikvaren gjev oss klarsignal for.

## **Øvrige tiltak:**

### **Plentraktor.**

I tillegg til punkta som soknerådet drøfta i sitt møte 31.01.2017 er det no meldt inn trong for å skifte ut ein tilårskomen plentraktor som fungerer dårleg. Vi får gode tilbakemeldingar på vedlikehaldet på gravplassane, men det krev godt utstyr som er i god stand. Utstyret vert mykje brukt og det er utsett for stor slitasje. Vi har fått tilbud frå Seimstrand AS på ny plentraktor komplett utstyrt til kr.108 000.

### **Flaumlys:**

Det har kome ønske om å montere flaumlys ved Manger kyrkje. Det var tidlegare lys på alle kyrkjene, men anlegga er ute av drift og lysa er fjerna. Dei gamle lysa brukte mykje straum. No fins det ledlampar som brukar lite straum og vi kan også montere styring som gjer at dei ikkje er på ut over den tida som trengs. Tiltaket er kostnadsrekna av Risnes Elektro til kr. 105 625. I tillegg kjem arbeid med kabelgrøfter og fundamant for lampane.

### **Parkering Hordabø og Sæbø.**

Parkeringsforholda på Hordabø er ikkje tilfredstillande og vi har vore i dialog med Radøy kommune for å finna løysingar. Det skal utarbeidast ein områdeplan for Bøvågen der vi har kome med innspel. Vi ser for oss at delar av området aust for vegen mot Bøtjønna kan fungera godt som parkeringsareal.

Parkering er også eit problem på Sæbø når det kjem mykje folk til kyrkja, men så langt har det ikkje vore diskutert konkrete tiltak med grunneigar eller Radøy kommune.

### **Oppsummering.**

Kyrkjene og eigedomane er generelt i god stand. Når vi likevel har ein del behov til investeringar er dette tiltak som gjer kvardagen enklare og meir tenleg både for besøkande og tilsette. Endra gravferdskikkar gjer at vi må sjå nye vegar for å løyse framtidige behov.

Soknet har løpande trong for investeringar og vi er svært nøgd med at Radøy kommune i samband med budsjetthandsaming for 2013 gjekk inn for ei årleg løyving på kr. 250 000 til investeringar. Summen vart auka til kr. 350 000 for 2017. Ei fast overføring har gjort det mykje enklare å planlegge naudsynte tiltak.

Både tiltak for universell utforming, nye varmesystem, navna minnelund og reidskapshus på Manger har ei kostnadsramme som langt overstig den tidlegare årlege ramma på kr. 250 000 eventuelt kr. 350 000. Vi vonar at Radøy kommune finn det mogeleg å auke summen for at vi skal kunne realisere dei planlagte prosjekta.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Radøy sokneråd vedtek budsjettet slik det ligg føre. Det ligg prisjustering på nokre tenester. Tal for 2017 i ( ).

**For 2018 gjeld fylgjande:****Festeavgifter:**

Feste av grav pr.år (inntil 60 år)	(350)		400
Feste av grav pr.år (over 60 år)	(700)		800
Feste av særskilt grav (20 år):	(7 000)		8 000

Montering av gravminne 1000 + mva	(1 250)	1000 + mva	1 250
Ekstra omfattande monteringsarbeid etter timesats		400 + mva	500

Stell av grav per år	1600 + mva	(2 000)	1600 + mva	2 000
----------------------	------------	---------	------------	-------

**Tenesterefusjon:**

\* Gravferd der avdøde ved dødsfallet var folkeregisterført i annan kommune.

\* \*Vigsel der ingen av brudefolka er folkeregistrert i Radøy kommune ved vigselen.

Tenesterefusjon for prest vert krevd for personar som ikkje er folkeregisterført innanfor prostiet.

Godtgjersle til : prest/gravferd	Fast sum	(3 200)	* 3 200
prest / vigsel		(2 700)	* * 3 000

Godtgjersle kontor/organist	Fast sum	(2 200)	2 300
Godtgjersle til kyrkjetenar	Fast sum	(1 300)	1 400

\* /\*\* Godtgjersle til prest er satsar som vert fastsett av Bjørgvin bispedøme.

**Gravferdsavgift**

(For alle som ved dødsfallet var folkeregisterført i anna kommune enn Radøy)

Kistegrav:	11 000 + mva(13 750)	12 000 + mva	15 000
+ festeavgift 20 år	( 7 000)		8 000

Urnegrav:	5 500 + mva(6 875)	6000+ mva	7 500
+ festeavgift 20 år	(7 000)		8 000

**Utleigetakstane:**

Leige av kyrkja til ikkje inntektsgevande arrangement, medrekna oppvarming og reinhald

(1500) 1 500

Gjeldande utleigereglement for arrangement:

Som 2014. Minsteleige for kyrkja sett til

kr 2 000

## HANDSAMING

Rekneskapsfører og dagleg leiar gjekk først gjennom budsjettframlegget for drift. På bakgrunn av avisoppslag i Strilen same dag vart det stilt spørsmål om festeavgiftene i kommunen. Radøy har auka kvart år dei siste åra men har halde auken på eit moderat nivå. Rådet fann etter ei drøfting at det var rettast å følge same praksis som før med ein moderat auke for å kunna vera på same nivå som Lindås og Meland før vi vert nytt fellesråd i 2020.

Soknerådet drøfta i førre møte, 19.09.2017, sak 2017/15, arbeidet i soknet. Soknet har mange aktivitetar og dette har auka monaleg etter at vi fekk tilsett trusopplæringskoordinator. Vi har mange friviljuge men potencialet er framleis stort for å kunne få med fleire. Det er trong for ressursar til å organisere og koordinere aktivitetar og frivillige på ein god måte samt auka fokus på gjevartenesta.

Soknet er i ferd med å utarbeide ny diakoniplan. Her er ein også avhengig av frivillige, men til liks med trusopplæringsarbeidet er ein avhengig av at nokon kan koordinere innsatsen.

Organisering av frivillige i forhold til gudstenestelivet er også ei viktig oppgåve som treng fastare oppfølging.

Vi har så langt vore avhengig av frivillige og at kyrkjekontoret har kunna tatt ein del av koordineringsarbeidet innimellom andre oppgåver. Det fungerer ikkje tilfredstillande og vi ser at våre nabokommunar har tilsett personar som har dette som ein fast del av stillinga si. Trusopplæring, diakoni og gudstenesteliv er prioriterte oppgåver og rådet ønsker å opprette ei 15 % stilling for å kunne ivareta oppgåvene.

Postane 10100 lønn, 10900 pensjonsinnskott og post 10990 arbeidsgjevaravgift vert auka med hhv. kr. 60 000, kr.12 500 og kr. 7 500. Til saman kr. 80 000. Inndekning post 12301 reparasjon og vedlikehald kyrkjer, vedlikehald kyrkjegard/maskiner og post 12700 revisjon og rekneskaps honorar med hhv. kr. 50000, kr. 10000 og kr. 20000.

Stillinga må lysast ut og rådet vil i neste møte drøfte nærare kva som skal vera innhaldet i stillinga.

Budsjett for planlagte investeringar vart deretter gjennomgått. Vi har starta planlegging og søknadsprosessar, men så langt har vi ikkje fått dei nødvendige løyve til å setje i gang nokon av prosjekta. Soknerådet vil koma attende til prioriteringa i første møte i 2018 når den kommunale tildelinga for 2018 er klar.

## **VEDTAK**

Busjett for 2018 vart vedtatt i samsvar med innstillinga med dei endringane som følg av avsnitta nedanfor.

Soknet oppretter ei 15 % stilling for å ivreta koordinering av trusopplæring, diakoni og gudstenesteliv.

Postane 10100 lønn, 10900 pensjonsinnskott og post 10990 arbeidsgjevaravgift vert auka hhv. med kr. 60 000, kr.12 500 og kr. 7 500. Til saman kr. 80 000. Inndekning post 12301 reparasjon og vedlikehald kyrkjer, vedlikehald kyrkjegard/maskiner og post 12700 revisjon og rekneskapshonorar med hhv. kr. 50000, kr. 10000 og kr. 20000.

Stillinga må lysast ut og rådet vil i neste møte drøfte nærare kva som skal vera innhaldet i stillinga.

Når det gjeld investeringar for 2018 vil soknerådet vil koma attende til prioriteringa i første møte i 2018 når den kommunale tildelinga for året er klar.

Radøy sokneråd  
Audun Sylta